

---

**Fra:** Kjell Hegdal <k.hegdal@online.no>  
**Sendt:** 27. mai 2017 22:17  
**Til:** Postmottak Lindås  
**Kopi:** Byggesak Lindås  
**Emne:** Søknad om tilbygg til fritidsbustad | gbnr 102/87  
**Vedlegg:** Blankett 5153 Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett side 1.pdf; Blankett 5153 Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett side 2.pdf; Vedlegg 1D Situasjonsskart gbnr 102\_87.pdf; Vedlegg 2E tegninger fasade.pdf; Vedlegg 3E tegninger fasade snitt.pdf; Vedlegg 4E tegninger plan.pdf; Vedlegg 5Q erklæring om avstand nabosamtykke.pdf; Vedlegg 6Q blankett 5154 nabovarsel.pdf; Vedlegg 7C blankett 5155 opplysninger gitt i nabovarsel.pdf; Vedlegg 8C blankett 5156 kvittering for nabovarsel.pdf

Hei,

Vennligst se søknad om tilbygg til fritidsbustad gbnr 102/87 vedlagt, samt vedlegg til denne.

Gi en lyd om ytterligere informasjon er nødvendig for å sette igang prosessen, eller om noe skulle være ufullstendig.

Ellers takk for god hjelp og snar tilbakemelding fra Anne Lise Molvik så langt i prosessen.

Med vennlig hilsen Kjell Hegdal

---

Den 18.05.2017 15:58, skrev Byggesak Lindås:

Til Kjell Hegdal

Vi viser til forespurnad om oppføring av tilbygg til fritidsbustad på gbnr 102/87.

Oppføring av tilbygg slik skissert vil krevja søknad og løyve, jf § 20-4 i plan- og bygningslova som gjeld søknadspliktige tiltak som ikkje krev bruk av ansvarlege føretak.

Eigedomen er omfatta av Vabø disposisjonsplan del av gbnr 102 bnr 6 der eigedomen er avsett til fritidsbebyggelse. Planen har ikkje talfesta grad av utnytting og vert å sjå

på som ugyldig på dette punkt, jf planjuss 2012/1. Ved utbygging av område der reguleringsplanen manglar grad av utnytting har kommunen sin praksis vore å leggja utnyttingsgrada i overordna plan til grunn. Overordna plan er her Kommuneplan 2011-2023. I § 2.21 i føresegnene til planen vert det opna for at det kan godkjennast tilbygg til fritidsbustad på dykkar eigedom dersom samla bruksareal ikkje overstig 120 m<sup>2</sup> BRA og bygd areal (%BYA) ikkje overstig 20 % inkl. evt. etablerte parkeringsplassar på eigedomen. Dersom samla BRA og %BYA overstig grensene som er sett i § 2.21 vil de måtte søkje om dispensasjon for oppføring av tilbygget .

#### § 2.21

*Det kan utan reguleringsplan gjevast løyve til mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a på*

*eksisterande fritidseigedomar når samla utbygging er innafor dei grensene som er fastsett*

*nedanfor. Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje*

*og uthus skal ikkje overstige 120 m<sup>2</sup>. Dersom parkeringa skjer inne på tomten, skal parkeringsareal*

*ikkje reknast med i BRA, men inngår likevel i BYA. Maksimal gesimshøgd er 6,0 m. Maksimal*

*mønehøgd er 9,0 m. Høgdena vert målt frå planert terreng. Det vert opna for tilleggsareal opptil*

*200 m<sup>2</sup> etter pbl § 20-1 bokstav m) utan krav om reguleringsplan, dersom dette ikkje er til hinder for*

*framtidig regulering og tomtene ikkje overstig 1,5 dekar. Heimel: Pbl § 11-10 nr. 1. (...)*

Når det gjeld byggjegransa mot sjø vurderer vi tiltaket til å liggja utanfor den regulerte byggjegransa slik den kjem fram av arealdelen i kommuneplanen.

Søknadsskjema, skjema for nabovarsel mm finn du her:

<https://dibk.no/saksbehandling/byggsok/Byggesaksblanketter/>

Aktuelle skjema er:

Blankett 5154 Nabovarsel

Blankett 5155 Opplysningar gitt i nabovarsel

Blankett 5156 Kvittering for nabovarsel

Blankett 5153 Søknad om tillatelse til tiltak uten ansvarsrett

Gjeldande arealplankart og føresegner finn du  
her: <http://www.geoweb.no/braplan/planInnsyn.jsp?kildeid=1263&planid=1263-07011971>

Med helsing

Anne Lise Molvik



Byggesak

Ved ytterlegare spørsmål ver venleg å ta kontakt med byggesaksvakta som har ope

tysdag og torsdag frå kl. 09.00 til kl. 15.00(pause frå kl. 11.30-12.00), telefon 56 37 51 00.

De kan eventuelt sende skriftleg spørsmål til epost: [byggesak@lindas.kommune.no](mailto:byggesak@lindas.kommune.no). Innsending av søknadar og annan dokumentasjon i saker skal sendast til [postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)